

920755070

## SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLEIE

**Mobilnummer**

917 31 491

**E-postadresse**

claus.sellevoll@gmail.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 87631

**Vedtaksdato**

09.07.2019

**Vedtaket er gjort av**

Fylkesmannen i Vestland

**Søknadsdato**

30.06.2019

**Vår ref.**

2019/8536, Agros 118738

### Tilskot frå Klima- og miljøprogrammet (KMP), tilskot til fylkesvise prosjekt i Hordaland 2019 - "Å, eg veit meg ei veit"

Vi viser til søknaden dykkar datert 30.06.2019 om tilskot til "Å, eg veit meg ei veit". De søker om 15 000 kroner.

#### Vedtak

Fylkesmannen tildeler inntil 15 000 kroner i tilskot til prosjektet "Å, eg veit meg ei veit". Godkjende totale kostnader for prosjektet er 45 000 kroner.

Fristen for å gjennomføre og levere rapport frå prosjektet er 01.08.2020.

#### Grunngjeving for vedtaket

Fylkesmannen har vurdert prosjektet med grunnlag i utlysingsteksten for denne søknadsomgangen og dei retningslinjene som gjeld for tilskot til tiltak innanfor Klima- og miljøprogrammet (KMP), tilskot til fylkesvise prosjekt for Hordaland. Utlysing og retningslinjer er tilgjengeleg på nettsidene våre.

Ein film om muring av kisteveiter av tradisjonell type vil kunne spreie kunnskapen om denne veite- og byggemåten. De skriv at media allereie har vist stor interesse for prosjektet, noko vi ser som eit godt argument for å støtte søknaden.

#### Rapportering og utbetaling

Prosjekteigaren skal sende prosjektrapport på fastsett skjema, sluttrapport og førespurnad om utbetaling til Fylkesmannen. Før rekneskapen slik at Fylkesmannen kan samanlikne han med kostnadsoverslaget og finansieringsplanen i søknaden. Før opp utgifter utan meirverdiavgift dersom denne blir refundert i avgiftsrekneskapen til prosjekteigaren.

Tilskotet vil bli betalt ut når Fylkesmannen har godkjent sluttrapporten og sluttrekneskapen.

#### Vilkår

- Dersom prosjekteigaren ønskjer å endre tiltaket eller få utsett rapporteringsfristen, må prosjekteigaren søkje Fylkesmannen. Prosjekteigaren må grunngje endringar eller behovet for utsett frist og ved behov leggje fram oppdatert projektskildring og budsjett.

- Dersom prosjekteigaren avsluttar prosjektet eller ikkje gjennomfører det etter planen, må Fylkesmannen få melding om det. Fylkesmannen kan trekkje tilbake heile eller delar av tilskotet dersom prosjektet ikkje blir gjennomført som planlagt.
- Fylkesmannen kan krevje tilbakebetaling av heile eller delar av det utbetalte tilskotet dersom prosjekteigaren ikkje har gjennomført prosjektet i samsvar med føresetnadene.
- Fylkesmannen føreset at resultatane frå prosjektet er tilgjengelege for alle interesserte, og at Fylkesmannen står fritt til å formidle dei. I omtalar av prosjektet skal de opplyse at prosjektet er støtta med midlar frå Fylkesmannen.

### **Klagerett**

De kan klage på dette vedtaket til Landbruksdirektoratet. Send klaga til Fylkesmannen i Vestland. Vi vil sende saka vidare til Landbruksdirektoratet dersom vi ikkje gjer om på vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at de har motteke dette brevet. De kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og § 19.

Med helsing  
for Fylkesmannen i Vestland

Saksbehandla av: Trude Knutzen Knagenhjelm

Godkjent av: Bjørn Harald Haugsvær